

ÅRSMELDING 2025

FJOTLAND SOKN



Vedtatt Fjotland sokneråd 04.03.2026.

Innhald:

- A. INNLEIING v/leiar**
- B. S FRIVILLIGE OG TILSETTE I KYRKJELYDEN**
- C. DE ULIKE ARBEIDSGREINENE**
- D. TRUSOPPLÆRING**
- E. UNGDOM/VOKSENARBEID**
- F. DIAKONI/MISJON**
- G. KYRKJEMUSIKK**
- H. ØKONOMIINFORMASJONSARBEID**

Den norske kyrkja
Fjotland kyrkjelyd

A. Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2025

2025 var eit år for endringar i stab, 100% oppslutning av konfirmantkullet og mange dåpsborn og eit godt løft i talet på gudstenestedeltakarar.

Me vil starte med snittet på talet gudstenestedeltakarar. Etter fleire år der me har jobba oss opp mot snitt me hadde før korona, har me endeleg kome opp på same nivå, men ikkje nok med det så må me over 10 år tilbake i tid for å sjå liknande tal. For frå eit snitt på 53 i 2024 er med opp i 66 i 2025. Som må seiast å vere ein betydeleg vekst. Å skal me prøva å sjå litt av årsaka så er det naturleg å sjå på tiltaka som har blitt gjort i 2024 og 2025. Då blir Salmekanon og forsongarar viktig stikkord. I tillegg til godt oppmøte på 17. Mai, Syng Julia inn, dåp, konfirmasjon og utdelingane våre.

Me starta også opp arbeidet med å laga ein handlingsplan for kyrkjelyden som blei vedtatt nå på nyåret. Overskrifta er "Fjotland kyrkjelyd 2030 - Ein livskraftig kyrkjelyd som står sentralt i menneske sine liv." Målet var ikkje å snu alle steinar og gjere alt nytt, men og sjå på kva me gjere og korleis me kan forvalte det og gjere det endå betre. For som tala i fjor visar, så går mykje veldig bra. Eit viktig prinsipp me har gått ut ifrå er at gudstenestene skal vere sånn at me som går der fast har det fint. For viss me syns det er fint så får me andre me oss.

Skule-kyrkjesamarbeidet er noko me er svært stolte av i Fjotland kyrkjelyd. Då er det naturleg å trekke fram 17. Mai og Syng Julia inn der elever er med å syng i kor. Dette er med på å gjere arrangementa til dei folkearrangementa dei er og spesielt gøy at Syng Julia inn og 17. Mai gudstenesta i Fjotland er best besøkt i kommunen. Her ønsker me å gje ein stor takk til Marit Homme og Elise Orre som står på år etter år.

På årsmøtet i mars blei Salmekanon vedtatt som ei fast ordning for dei ordinære

gudstenestene i Fjotland. Saman med forsongarar er me godt fornøgd korleis det har vore med å lyfta songen. Me tar gjerne imot innspel til salmar.

Dag A. Kvarstein sa opp stillinga si som sokneprest og hadde konfirmasjonsgudstenesta 5. september som siste gudsteneste etter 4. år i stillinga. Lina Håland Stoveland blei tilsett som ny sokneprest og hadde sin første Gudsteneste 1. februar 2026. Rolf Martin Synnes fungerte i perioden 1. oktober ut januar 2026. Inna slutta som organist og hadde siste gudsteneste 16. mars. Me er svært takksame for at ho kom tilbake i stilling frå nyttår.

Espen og Monica starta i januar opp med søndagskule i nokre av gudstenestene og hadde 5 samlingar i løp av året. I samlingane er det søndagens tekst på flanellograf, song og aktivitetar. Oppmøte særleg på våren var bra og me ser me når ut til dei utanom den faste kyrkjelyden.

Av aktivitetar som skjer utanom gudstenesta vil me trekke fram:

Kveldsbøn som blir leia av Per Øistein Rogstad, og Sverre Eftestøl stiller trufast opp som pianist. Supersøndag som gudstenesteutvalet arrangerer med middagsservering etter nokre familiegudstenester.

Andakten på Fjotlandsheimen som blir halde kvar veke utanom sommarferien er ein viktig del av kyrkjelyden sitt arbeid og har svært høg tilslutning. For mange er dette eit viktig høgdepunkt då ein sjølv ikkje har moglegheit til å reise på gudsteneste eller møte sjølv. Og mange kjenner på eit behov for å kom nærmare trua og Gud når livet går mot slutten. Dette er eit viktig oppdrag for oss som kyrkjelyd. Her er me heldige som har Sissel Lindefjell, Judith Kvelland Rogstad og Kjell Trodahl med som frivillige til å halda andakt, i tillegg til prest og diakon. Det vil me gjerne ha med fleire på.

Me vil til slutt takke for alt det flotte arbeidet i kyrkjelyden vår og til alle som ber og som bidreg på kvar sitt vis.

For Fjotland soknerådet
Espen Rogstad

B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE

SOKNERÅDET

Espen Rogstad leiar, Ingun Irlen Stakkeland nestleiar, Sissel Eftestøl Harbakk, Tom Ove Mygland, sokneprest Dag Kvarstein tom 30.9, Gunn Elvebakk fom 1.10.

Vara: 1. Tor Birger Bergeslien, 2. Marit Homme, 3. Birgitte Kvinlaug

GUDSTJENESTEUTVAL

2025: Judith Kvelland Rogstad, May Britt Helle, Ingun Irlen Stakkeland, Dag Kvarstein tom 30.9.

SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:

Tom Ove Mygland, Tor Birger Bergeslien. Vara.: 1. Sissel E. Harbakk, 2. Marit Homme.

KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP

Marit Homme

FRIVILLIGE KLOKKARE:

Odd Stakkeland, Per Øistein Rogstad og Marit Homme.

MENIGHETSBLADET TREKLANG

Per Øistein Rogstad (redaktør) Torhild Meland og Åse P. Skiftun

ANSATTE KIRKEKONTORET:

Sokneprest i Kvinesdal: Gunn Hanne Elvebakk

Sokneprest i Feda og Fjotland: Dag Arnulf Kvarstein til 30.09

Sokneprest i Feda og Fjotland vikar; Rolf Martin Synnes frå 01.10

Diakonimedarbeidar: Frank Arne Hammerø

Trosopplærar: Cathrine Violetta Rafoss Agedal

Organist: Inna Nazarenko til 20.3

Earling Nikolaisen fra 01.08.

Ilze Jaunzeme fra 01.08

Kyrkjeverge: Per Øistein Rogstad

Konsulent: Ragnhild Døble Dankel (permisjon 15.2-15.9)

Konsulent: Sylvi Vatland

Gravplassarbeidarar: Thor Henning Vatland, Daniel Gundersen

Kyrkjetenar i Fjotland: Viktor Shcherbakov

Kyrkjetenar/kyrkjevert i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell og Tor Alsvik har vore frivillige hjelparar

C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER

GUDSTENESTENE

År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Antal gudstenester	30	29	33	37	35	32
Gj.snitt gudstenestebesøk	40	37	50	55	53	66
Gj.snitt nattverdsgjestar	29	27	27	23	25	29
Samla offergåver	103 832	70 725	90 857	97 071	105 872	112 358
Dåp	8	6	7	12	7	9
Konfirmerte	8	9	6	11	9	7
Vigslar	0	1	3	4	2	0
Gravferd	2	11	6	6	9	7

GUDSTENESTENE

Fjotland sokneråd ønsker å satse meir på familiegudstenestene gjennom «Supersøndag» med middag og deltaking av barn i gudstenestene. Videre jobbar soknerådet med å styrke songen i de vanlege gudstenestene ved forsongargruppe og «salmekanon.»

Det er oppmuntrande at det kjem folk i alle aldrar til gudstenestene i Fjotland. Det lovar godt framover også! Gudstenesta er kyrkjelydens hovudsamling. Det er difor stadig eit mål å få fleire med på gudstenestene. Oppmøtetala for 2025 er på høgare nivå som i 2024. Det er også ei klar auke i summen som er samla inn ved kyrkjeoffer.

Men vi skal ikkje berre ha fokus på tala. At folk trivst er like viktig. Involvering og medverknad av frivillige i gudstenestene skaper over tid ei tilhørigheit til kyrkja og kyrkjelyden. Mellom anna har me hatt fokus på involvering av barn og unge i gudstenestene, og på å la folk som kan medverke me song og musikk, sleppe til.

Før jul var det skulegudsteneste med 80 deltakarar og stor medverking av elevane. Vidare var det gledeleg at det var god oppslutning om gudstenesta i Netlandsnes kapell 2. juledag med 37 personar til stades. Dette var soknet sin høgtidsgudsteneste i jula.

GUDSTENESTEUTVAL

Gudstenesteutvalet hadde to møter i 2025. Hovudtema for møta er en gjennomgang og evaluering av gudstenestene som har vore, og planlegging av gudstenester som kjem. Innføring av prøveordning med faste salmar (salme-kanon), og etablering av forsongar-gruppe er andre viktige saker som er handsama. "Supersøndag" for små og store med middagsservering har vore vellykka, og noe me vil fortsette med i 2026.

SOKNERÅDSMØTER.

Fjotland sokneråd har hatt 5 møter og behandla 30 saker. Bl.a. Regnskap, budsjett, faste salmar på gudstenestene, offerliste kollekt, handlingsplan Kyrkjelyd, instruks for kyrkjevert og klokkar, SalmeKanon og ikkje minst tilsetting av ny sokneprest.

D.KIRKELIG UNDERVISNING

SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Soknepresten har bibelkurs for 5. klasse på skulen.

Før jul var det skulegudsteneste i Fjotland kyrkje med god deltaking.

FAMILIEGUDSTENESTER

Det har vore familiegudstenester i Fjotland kyrkje med utdeling til 3, 4 og 6 åringar dette året.

Ved ein av familiegudstenestene var det og engleutdeling. På denne gudstenesta var også Familien Løsnesløkken med, dei fortalte om arbeidet i Star og Hope og deltok med song saman med born frå kyrkjelyd.

Det har vore noko variert oppmøte på desse utdelingane dette året.

JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring.

Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skodespel, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og dei tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas budskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.

Fjotland barnehage var med på julevandring.

BABYSONG

Babysong er eit tilbod for born i alderen 0-1 år saman med ein føresatt. Dette er ein aktivitet som er felles for alle dei tre kyrkjelydane.

Babysong held til på menighetssenteret. Opplegget er enkelt med ei lita songstund først og etterpå et vi lunsj saman. Vi har treff ein dag i veka kl. 11.00. To gonger i året besøker vi Kvinesdal bo og dagsenter og har babysong der.

I løpet av året har det vore innom ca. 45 babyer med mødre.

Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysong.

KONFIRMANTARBEID -Konfirmantkullet 2024-2025 i Fjotland

Konfirmantundervisninga følger tilnærma same opplegg i alle tre kyrkjelyder i Kvinesdal. Vi legg vekt på å formidle bibelforteljingar og gje konfirmantane høve til truspraksis gjennom avslutning i kyrka. Slik håpar vi at konfirmanttida skal bli starten på, eller fortsettinga av den enkelte ungdommen si trushistorie. Det at konfirmantane deltek som medhjelparar (ministrantar) i gudstenestene, er også verdifullt for å oppnå dette målet. I tillegg er det eit mål i seg sjølv at dei får ein positiv relasjon til kyrkja.

Gjennom konfirmantåret er det også arrangert fleire felles samlingar for alle konfirmantane i Kvinesdal kommune. Dei har handla om kropp og seksualitet, om døden og det kristne håpet og om diakoni. Dei har også vore med på ungdomssamlingar på Kvinesdal bedehus og i idrettshallen (GZ).

Sju konfirmantar fullførte hausten 2025 si konfirmanttid i Fjotland. Oppmøtet på undervisninga i Kyrkjestova og fellessamlingane i Kvinesdal, var god gjennom heile året. Samtalegudstenesta blei gjennomført med dramatisering og god involvering av konfirmantane i juni, og med hyggeleg festsamver i kyrkjestova etterpå. Konfirmasjonsdagen var 7. september.

E. UNGDOM/VOKSENARBEID

KRIK

KRIK Kvinlog har i 2025 hatt to tilbod «m-KRIK» for mellomtrinnet og «KRIK» for ungdomsskolen og oppover. Begge samlingane er annenkvar fredag gjennom skolehalvåret. Kl. 18-19:30 for m-KRIK og kl. 20 – ca. 23 for KRIK. Det har vært vekst i antal ledare. Totalt er det nå 5 vaksenledare og 3 unge vaksne. På m-KRIK er det 15-20 deltakar, og ca. 6-8 deltakar på KRIK. Vi har masse moro saman i hallen. Eit avbrekk med antakt er også fast kvar samling. KRIK har også hatt samlinger bare på bedehuset, dratt til Kvinabadet for å klatre, og arrangert volleyballturnering. KRIK Kvinlog er også medarrangør av leiren «Kompani Knaben».

F. DIAKONI OG MISJON

MISJONSPROSJEKT

Prosjektet STAR OF HOPE har Fjotland hatt som sitt misjonsprosjekt frå oktober 2020. Det var 4 offer til STAR OF HOPE i 2025 og det blei samla inn totalt kr 19 150. (Til samanlikning blei det samle inn kr 14.660 til i 2024). Misjonskontakt er Birgitte Kvinlaug.

Meir informasjon finnes på www.starofhope.no

KVELDSBØNN

Ein onsdagskveld i kvar månad er det kveldsbøn i Fjotland kyrkje. Det er ein enkel kveldsliturgi med tid for stillheit og bøn. Mellom 5 og 14 personar deltek.

DIAKONI

Fjotland sokn har ikkje eige diakoniutval, men soknerådet fungerer som lokalt utval.

KN-AKSJONEN

I 2025 vart det samle inn kr 16 991 i Fjotland sokn til Kirkens Nødhjelp sin fastaksjonen. (Til samanlikning: kr 20 282 i 2024, kr 14 276 i 2023). Takk til alle som var med og bidrog!

HEIMEBESØK

Diakonen i samarbeid med prestane gjennomførte i 2025 totalt 16 heimebesøk i Fjotland.

TRO OG LYS

Tro og Lys er ei økumenisk gruppe for menneske med psykisk utviklingshemming, og vennene og familien deira. Kvinesdal, Fjotland og Feda er med i denne gruppa saman med Flekkefjord og Sirdal. I 2025 hadde vi 8 samlingar i Flekkefjord, og ei på Feda med følgjande gudsteneste.

SORGGRUPPEARBEID

Sorggruppearbeidet i Kvinesdal og Flekkefjord blir gjennomført i samarbeid med Frivillighetssentralene, Frisklivssentralen, Psykisk helse, kommunepsykologen og Human-etisk Forbund. I 2025 var det tilbod om sorggruppe i regionen.

ANDAKTER PÅ FJOTLANDSHEIMEN

Prestane, diakonen og fire frivillige har vore med på å halde andakter på Fjotlandsheimen i 2025. Det vart i 2025 haldne 38 andakter på heimen.

Elles kan det nemnast følgjande diakonale tiltak:

- Det er kyrkjevertar og kyrkjekaffi på dei fleste søndagsgudstenesta.
- Beredskap for open kyrkje ved ulykker og tragiske dødsfall.
- Diakonen er med i rusbehandlingsprogrammet «12 trinn» i Lister.
- Diakonien dag ein søndag i februar eller mars med spesielt fokus på diakoni. I 2025 var denne gudstenesta den 16. februar.

G. KYRKJEMUSIKK/KONSERTER

Forsongerkoret har delteke på nokre gudstenester. Konserten «Musikk i sommerkvelen» ble holdt i Netlandsnes kapell 13. august med Sverre Eftestøl og Per Øistein Rogstad. Me syng jula inn ble gjennomført med fleire lokale aktørar.

H. ØKONOMI

REGNSKAP

	2025	2024	2023	2022
Disposisjonsfond 31.12	56.275	50.374	36.411	37.855
Søndagsskole	6.162	6.162	6.162	6.162
Minnegåve	7.624	13.695		
Overskot	1.351	5.901	13.963	
Underskot				1.444

Rekneskapen hadde eit overskot/mindreforbruk for soknerådet for 2025 på kr 1.351.

Ofringar og gåver

Ofringar	2025	2024	2023	2022	2021
Kyrkjeofringar til andre	84.120	84.536	77.601	71.833	43.247
Kyrkjeofringar til eigen verksemd	19.350	21.336	19.470	19.025	27.428
Kyrkjeofringar i alt	103.470	105.872	97.071	90.858	70.675

Likestilling

Samansetninga av soknerådet er et resultat av kyrkjevalet i 2023. I oppsett av valliste var det eit mål å få ein kjønnsbalanse 50/50, noko som blei resultatet ved valet 2023. Det har ikkje vært begrensingar når det gjelder tilgang til egne aktivitetar, verv, styrande organer eller segregerande aktivitetar.

I. INFORMASJON

Nettside og sosiale

Treklang, nettsiden www.kvinesdal.kirken.no og aktivitet på sosiale medier, er menighetenes viktigste informasjonskanaler.

Alle menighetene har nå egne facebooksider. Antall følgere av de ulike sidene øker jevnt og trutt. Her er tallene for 01.01.2026 med tallene fra 01.01.2025 i parentes: Kvinesdal 928 (912), Fjotland 444 (435) og Feda 456 (437). Menighetssenteret har egen side med 696 (686) følgere. Fjotland kyrkje, Kvinesdal menighet og Ungdomskirken har alle instagramkontoer.

Årsmelding for menighetsbladet Treklang 2025

Menighetsbladet TREKLANG, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 2025 som de foregående årene ut med fire nummer med hver 24 sider. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og løfte fram positive ting fra vårt lokalmiljø. Gjennom Treklang har folk fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Redaksjonen setter pris på de innspill som kommer til stoff som ønskes i bladet.

Bladet ble trykket i flerfarge-trykk hos Synkron Media i format 17x24.

Redaksjonen har i 2025 har bestått av Åse Paulsen Skiftun, Torhild Meland og Per Øistein Rogstad.

I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

Per Øistein Rogstad er redaktør og har ansvar for grafisk formgivning.

Etter vedtak i styret deles overskuddet mellom Kvinesdal Menighetsråd (70%) Feda menighetsråd (15%) og Fjotland sokneråd (15%). Etter vedtak i Treklang sitt styre går overskuddet til å dekke menighetenes kostnader til diakonstillingen. I 2025 ble overskuddet på kr 366, dette overføres til dekking av menighetenes andel av kostnadene til diakonstillingen i 2026.

Bladet er viktig både som informasjonskanal om ting som skjer i menighetene og det som måtte røre seg i lokalsamfunnet. Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.